

Starten på eit godt liv...

# Årsplan for Rotneim barnehage 2012

**Småbarnsavdeling: STUGU ( 9 plassar)**

**Stor avdeling: NUTEN ( 18 plassar)**

Informasjon om Rotneim barnehage finn de på Gol kommune sine heimesider:

[www.gol.kommune.no](http://www.gol.kommune.no)

**Hovudmålsetting for Gol barnehage: (sjå også felles årsplan for Gol barnehage)**

- Barna skal utvikle evna til sosial kompetanse, språk og læring.
- Verdigrunnlaget for barnehagen blir lagt til grunn for oppdragelse og læring av god folkeskikk.
- Barne skal lære om Gol, og få positive opplevingar i nærmiljøet og bygda vår.
- Barna skal oppmuntrast til å undre seg, stille spørsmål og vise medansvar. Dei skal møte anerkjenning og respekt for sin eigenart.

Denne målsettinga ligg til grunn for alt arbeid i Rotneim.

**PLANLEGGINGSDAGAR 2012:**

- **1.dag:** Intern evaluering 18. mai
- **2. og 3.dag:** planlegging 15. og 16.august
- **4.dag:** interkommunal kursdag 12.november
- **5.dag:** intern evaluering og årsplanlegging 13. november

I barnehageåret 2012 vil me spesielt setta oss desse MÅLA:

**1: Barna skal få inspirasjon til aktivitet, leik og læring gjennom temaarbeid som utfordrar fantasi og skaparevne.**

**2: Det skal settast fokus på empati, og på å hjelpe kvarandre.**

**3: Mål for personalet: personalet skal ha fokus på å jobbe med læringsmiljøet:**

- gje trygghet og omsorg slik at barna sitt fokus kan vera fullt retta mot leik og læring
- vektleggje medverknad slik at barna får vera utforskande og eksprimenterande
- hjelpe barnet med å knytte ny kunnskap og erfaring til si eiga leike- og fantasiverd

For å nå desse måla, arbeider me slik:

FAGOMRÅDE	INNHALD OG ARBEIDSMÅTAR:
Hovudtemaet vil innehalde desse fagområda:	<b>Hovudtema for barnehageåret:</b> <u>"Askeladden og dei gode teknikarane" (hjelparane)</u>
<i>Natur, miljø og teknikk</i>	Dette eventyret inneheld mange underlege hendingar og figurar som barna skal få vera med på å fantasere over. Planen er å arbeide med dette temaet over ein lang periode, ved å trekkje inn alle desse fagområda:  Personalet ynskjer å utfordre barna for å finne tekniske løysingar, ved å skape dette konkrete eventyret med skipet og figurane.
<i>Antal, rom og form</i>	Hensikta er å gje barna opplevingar, kunnskap og ferdigheiter. Det konkrete (fysiske) resultatet vil variere i dei ulike delane av eventyret, og skal ikkje vera sjølve målet.  Dette arbeidet vil gje barna praktisk erfaring med antal, rom og form. Det vil gje dei moglegheit til å delta i finmotoriske aktivitetar som teikning, måling, klypping, snekking osv.
<i>Kunst, kultur og kreativitet</i>	Å la barna møte dialektord er eit mål her hjå oss. Personalet set seg som mål å finne dialektord som høyrer til i forteljinga.
<i>Etikk, religion og filosofi</i>	<u>Empati og forståing for kvarandre:</u> Per, Pål og Askeladden er ulike typar. Per og Pål tenkjer eiga vinning og er ikkje særleg hjelpsame. Mens Askeladden alltid er omtensksom, og villig til å dele, og han er den som lykkast best. Dette kan danne bakgrunnen for samtaler med barna om empati og vennlegheit. Går det an å få Per og Pål på betre tankar?- burde dei få ei ny sjanse tru?
<i>Kommunikasjon, språk og tekst</i>	Persoalet har som mål å føre den munnlege forteljartradisjonen vidare ved å fortelje mange eventyr. Barna blir også oppmuntra til å lage sine fortellingar.  <b>Temaet vil bli tilpassa alder og interesser. Barna sine innspel, og motivasjon for å delta, vil prege framdrifta i dei ulike delane av eventyret.</b>

<i>Nærmiljø og samfunn</i>	<p>Været og solsystemet:</p> <p>Barna er med og lagar sin <u>eigen værstasjon</u>.</p> <p>Me registrerer været her på Rotneim, snakkar om kvifor været skiftar (årstider)- og forskar på sol, måne og stjerner, vind, regn og snø. Her blir sansane i fokus; sjå, høyre, lukte, kjenne. Men også å gjera barna nysgjerrige på korleis alt fungerer; sol, måne, vind, regn osv.</p>
<i>Kropp, bevegelse og helse</i>	<p>Halde fram med utedagar og turar i nærområdet her. Å ferdast i skogen gjev barna motorisk styrke og motoriske ferdighetar.</p> <p>Barne blir oppfordra til å ta med seg ski i barnehagen kvar dag mens det er skiføre. Dei får grunnleggande og god skiferdigheit av å bruke ski i den daglege uteleiken.</p> <p>Gymsalen i kjellaren skal brukast av alle. Dette gjev muligheit for fysisk aktiv leik også innandørs.</p>

**Andre aktivitetar:**

- Høgtider: Barnehagen markerer dei tradisjonelle kristne høgtidene; jul og påske. Vår oppgåve er å lære barna om verdier som er forankra i kristen og humanistisk arv og tradisjon.
- Samarbeid med biblioteket: me låner bøker, og tek barna med på lesestunder i biblioteket.
- Mat og måltider: barnehagen serverer brødmåltid (dugurd) kvar dag. Ein dag i veka er barna med og lagar eit varmt måltid. Dette skapar hyggelege måltider der barna er delaktige, og kan gjera eigne val. Det blir lagt vekt på variert og sunn mat.
- Songsamling felles for avdelingane kvar veke.
- Trivselsdagar: personalet legg vekt på planleggje dagar som er litt annleis enn vanlege barnehagedagar: kinodagar, karneval, naturstig, dugnad, besøk av brannvesen eller politi, teater og konsert besøk. Osv.

Rotneim barnehage har hatt eit nært samarbeid mellom avdelingane, og foreldra fortel oss at dei set stor pris på dette. I praksis betyr dette at personalet samarbeider om bruken av huset, hjelper kvarandre med temaarbeid, songsamlingar og matdagar. Og ikkje minst at barna blir oppmuntra til å leike saman, både inne og ute.

Me har ein metode me kallar "leik og lær" grupper. Personalet har ansvar for kvar sine grupper der dei kan lese, leike, forme, dramatisere osv. over utvalte tema. Dette føregår i barna si frileiktid, og dei kan variere mellom den frie leiken, og å delta i aktivitetar. Barna har her gode moglegheiter for å påverke innhald og framdrift. Dette er også ein god arena for læring av ny kunnskap og ferdigheit.

I språkkinnlæringar brukar me også prinsippa frå Bu- modellen for innlæring av grunnleggjande begrep innan f.eks form, farge, antal, plassering og stilling.

## **Satsingsområdet for 2012: Felles løft for tidleg innsats.**

### Satsingsområde 2012

Prosjektet «Felles løft for tidleg innsats - språkleg og sosial utvikling hjå førskulebarn» fortsett i 2012. Prosjektet er ein felles satsing for alle barnehagane i Gol og Hallingdal, og er eit tverrfagleg samarbeid med PPT, helsestasjon og barneverntenesten.

I 2011 har hovudmåla vert å bevisstgjøre personalet på eigen praksis i forhold til ny kunnskap, og lære om generell og avvikande språkutvikling. Barnehagane vil bruke observasjonsmetoden TRAS som står for Tidleg Registering Av Språkutvikling – i dagleg samspill. Personalet får ved systematisk observasjon vite kva barna kan, og kva dei treng å bli stimulert ekstra i for å få ein best mogleg språkutvikling. Språkleg og sosial utvikling har en gjensidig påverknad, så satsing i 2012 vil i tillegg omfatte normal og avvikande sosial utvikling for å sjå heile barnet i samanheng.

I Rotneim vil me ha spesiell fokus på **empati** (sjå målsetting for 2012), **på å vera grei mot andre, og mot seg sjølv**. Eventyrfigurane; Askeladden, Per og Pål, kan vera utgangspunkt for samtaler og lek omkring korleis ein kan hjelpe kvarandre til å få det bra.

**FORELDRESAMARBEID:** Me har eit mål om at foreldregruppa skal føle at dei kjenner til kvarandre, og at dei skal føle tilhørighet til barnehagen.

- **Foreldresamtaler** om kvart enkelt barn. Vanlegvis 2 gonger i året, men dette er eit nyttig samarbeidsforum som me gjerne brukar elles også når foreldre og personale treng å snakke saman.
- **Månadsplanar:** Kvar månad får foreldra tilsendt ein oppsummering over månaden som gjekk, og mål og innhald for neste månad.
- **Dagleg samarbeid** ved henting og bringing.
  - Tidlegvakta tek i mot barna og foreldra når dei kjem inn på avdelinga. Beskjeder og liknande blir notert slik at alle i personalgruppa er oppdatert.
  - Foreldra les "dagen i dag" og annan informasjon på tavla i ytre garderoben.
  - Sistevakta møter foreldra når dei kjem for å hente barna.
- **Foreldremøter:**
  - Januar/februar: Går igjennom årsplan. Me inviterer nokon som kan snakke om eit tema.
  - Møte for nye foreldre i juni (v/ Gol barnehage)
  - September: informasjon om nytt barnehageår.

Foreldrerådsmøte: Innspel til årsplan for 2013
- **Evaluering:**
  - Foreldra si evaluering våren 2012.
  - Personalet evaluerer fagområda, leiken og samspelet fortløpande, (sjå månadsbrev). I tillegg vil me evaluere arbeidet med sosial kompetanse ( Felles løft for tidleg innsats; satsingsområde 2011 og 2012), og dei måla me har sett i årsplanen.